



Aurland kommune

Kommuneplanen 2008 – 2020
Konsekvensvurdering av nye byggeområde i arealdele til kommuneplanen
Revidert etter møte i kommunestyret sak 052/09 18.06.2009

Innleiing

I forskrift om konsekvensutredning er det eit krav at endringar i arealbruk i arealdelen til kommuneplanen skal konsekvensvurderast. Konsekvensvurderinga er avgrensa til spørsmål som er viktige for å ta stilling til den aktuelle planen, er det vesentleg i høve avgjerda, vesentleg i høve interessene som vert råka eller vesentleg i høve arealendringa sin storleik.

I kommuneplanen er det snakk om ei overordna vurdering av konsekvensar for miljø, naturressursar og samfunn. Det er normalt tilstrekkeleg å legge eksisterande kunnskap til grunn.

Tilhøve som er viktige å vurdere i samband med arealdelen til kommuneplanen er:

- alternativ lokalisering
- at det vert endringar i omfang og utbreiing av støy
- at det vil oppstå konflikt mellom verna vassdrag, regionalt viktig grønstruktur, m.m.
- at transportmønster vert endra.

Område i kommunedelplanen som er omfatta av krav om konsekvensvurdering:

- nye område avsett til byggeområde
- endring i byggeformål
- opning for spreidd utbygging i LNF-område
- Bandlegging etter pbl § 20-4 første ledd nr 4 kan vere omfatta av utredningsplikt dersom formålet er å sikre areal med tanke på seinare avklaringar.
- Endringar i dei utfyllande føresegnene til planen kan medføre utredningsplikt.

Metode

Konsekvensvurderinga er basert på ei verdivurdering av området og konsekvensar av endra arealbruk. Verdisetting og vurdering av konsekvens tek utgangspunkt i eksisterande informasjon i form av kartleggingar, registreringar og lokal kunnskap om områda.

Verdi av område knytt til miljø og samfunn:

Verdien knytt til miljø og samfunn vert vurdert for kvart einskild område. Verdivurderinga omfattar desse tema:

- Naturverdiar
(naturgrunnlag, landskap, biologisk mangfald(viktige naturtypar), vilt, fiske, vatn, vassdrag, verna vassdrag og strandsone)
- Kulturlandskap, kulturminne og fornminne
(freda eller verneverdige kulturminne og miljø, eldre gardstun mm.)
- Friluftsliv
(turveggar, badeplassar, registrert friluftsområde, bruk av området til jakt, fiske leike- og turområde)
- Barn og unge (kjente leike- og opphaldsområde for barn og unge)
- Landbruk (jordbruk, skogbruk og fiske)

Verdisettinga er gjeve på ein skala frå liten – middels – stor verdi. Område utan kartlagde førekomstar eller andre kjente verdiar er sett til liten. Der det er kartlagde eller kjende verdiar av lokal betydning er desse sett til middels. Område med særskilde verdiar av regional eller nasjonal betydning er vurdert å ha stor verdi.

I Aurland kommune ligg store delar av sørområdet til verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. Areal som ligg innanfor dette området er vurdert å ha stor naturverdi. Det same gjeld område som landskapsmessig er eksponert mot verdsarvområdet.

Konsekvensar av endra arealbruk vert vurdert i høve fylgjande tema:

Miljø og naturressursar:

- ❑ Landskap
Konsekvensar for landskapet, visuelt sårbart eller eksponert areal
- ❑ Naturmiljø og naturressursar
konsekvensar for biologisk mangfald(viktige naturtypar), vilt, fiske, vatn, vassdrag, verna vassdrag, strandsone.
- ❑ Kulturmiljø og kulturminne
Konsekvensar for verneverdige eller freda kulturmiljø, eldre busetnad, gardstun osb.
- ❑ Landbruk
Konsekvensar for landbruksproduksjon

Samfunn:


- ❑ Areal og transport
konsekvensar for utbyggings- og transportmønster.
- ❑ Barn og unge
konsekvensar for leike – og opphaldsareal, sikker skuleveg,
- ❑ Nærmiljø og friluftsliv
konsekvensar for nærmiljø, turområde og område for allmenn ferdsle
- ❑ Infrastruktur og offentlege tenester
konsekvensar for skule, barnehage, aldersheim, veg, vatn, avløp, offentlege teneseter mm.
- ❑ Næringsutvikling og sysselsetting
Legge til rette for lokal næringsutvikling og sysselsetting
- ❑ Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit
konsekvensar ved naturrisiko, verksemdsrisiko, utrykking og beredskap, ulykke, trafikk tryggleik
- ❑ Universell utforming
Legge til rette for alle brukargrupper, tilgjenge for alle

Konsekvensar ved ny arealbruk er vurdert på ein skala frå –3 til +3. frå store negative konsekvensar til store positive konsekvensar. Dersom ny arealbruk ikkje er vurdert å få særskilde konsekvensar er det sett 0. Ikkje alle tema er relevante for alle tiltak i området.

Fylgjande kjelder er nytta i samband vurdering av verdi og konsekvens:

- ❑ Biologisk mangfald kartlegging for Aurland kommune
- ❑ Naturbasen - direktoratet for naturforvaltning
- ❑ Villreinbasen - direktoratet for naturforvaltning
- ❑ Elvedeltabasen direktoratet for naturforvaltning
- ❑ Landskapsanalyse Aurlandsvengen – Dalen – (LAD)
- ❑ Askeladden – kulturminnebasen til Riksantikvaren
- ❑ Kulturminneplan for Aurland - (KMP)
- ❑ SEFRAK-registrerte bygningar - Fylkesatlas
- ❑ Viktige friluftsområde– Fylkesatlas
- ❑ Markslagskart – Skog og landskap
- ❑ Historiske ras - Sognekart
- ❑ Lausmassekart – NGU
- ❑ Potensielt rasfarleg område - skrednett

**Byggeområde for bustad
Område: B1**



Planstatus/eksisterande arealbruk: LNF- område - jordbruk
Planlagt ny arealbruk: Byggeområde - bustad

Areal: 10 daa

Kort omtale av tiltaket: Området ligg med tilknytning til eksisterande utbygde bustadområde på Rygg og over Vetleli, og nedanfor tunet i Vinjane. Det er kort veg til skule, barnehage og lokale service tilbod. Området er bratt og kan vere krevjande å bygge ut – svært bratt tilkomst.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Område med godt lokalklima og god solinnstråling. Området nærast tunet er tilrådd ikkje utbygd i LAD.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		
Rekreasjon og friluftsliv		x		Vegen i overkant av området er ein viktig turveg som må oppretthaldast.
Barn og unge	x			
Landbruk		x		10 daa Fulldyrka jord, mindre lettbrukt, gamal frukthage

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	Området har ein naturleg samanheng med allereie utbygd område. Området er bratt, planen må sette krav til god terrengtilpassing ved utbygging, f.eks. kotehøgde på møne.
Naturmiljø og naturressursar	-1	Kantsoner vert råka ved utbygging.
Kulturmiljø og kulturminne	-1	
Landbruk	-2	Tap av jordbruksareal. Nedbygging av aktivt jordbruksområde
Samfunn:		
Areal og transport	+3	Sentrumsnære tomter
Barn og unge	+3	Gangavstand til skule, barnehage og fritidsaktivitetar, trygg skuleveg
Nærmiljø og friluftsliv	-1	Vegen i overkant av området er ein viktig turveg
Infrastruktur og offentlege tenester	+1	Tilkomst til feltet må vurderast som ein del av planarbeidet, tilkomsten er svært bratt, ligg nær eksisterande infrastruktur.
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Geotekniske tilhøve må vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området. Tiltak mot radon må vurderast i reguleringsplan
Universell utforming	-2	Terrenget i området er bratt, føreset god planlegging og sterk styring av utbygging for å få ei god utforming

Vurdering: Det aktuelle utbyggingsområdet er bratt og krevjande å bygge ut. Dette er eit sentrumsnært område og jordbruksareal, området bør ha høg utnyttingsgrad. Tilkomst til området må vurderast særskilt.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd å leggja området ut til byggeområde bustad. Det vert sett krav om vurdering av geotekniske tilhøve. Reguleringsplanen må vurdere terrengtilhøve og sikre at utbygging får god terrengtilpassing.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: B2



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område

Areal: 12 daa

Planlagt ny arealbruk: Byggeområde for bustad

Kort omtale av tiltaket: Utviding av eksisterende bustadfelt, tilgang til infrastruktur, veg, vatn og avløp.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området er bratt og eksponert mot Aurlandsfjorden. Området har god solinnstråling. Delar av området er registrert som område med særskild opplevingsverdi (heilskap intensitet) LAD
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		Aktivt jordbruksområde og ein eldre frukthage.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk			x	Fulldyrka jord 12 daa, lettbrukt og mindre lett brukt, delvis gamal frukthage

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	Utbygging må ta omsyn til landskapet spesielt mot nord og visuell verknad av ei utbygging sett frå vegar og fjorden.
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	-1	Nedbygging av aktivt jordbruksområde
Landbruk	-3	Tap av dyrkamark
Samfunn:		
Areal og transport	+3	Sentrumsnære tomter, gangavstand til sentrum
Barn og unge	+3	Trygg skuleveg, kort veg til barnehage, skule og fritidsaktivitetar.
Nærmiljø og friluftsliv	+1	Nærleik til leikeplass og badeplass
Infrastruktur og offentlege tenester	+2	Ligg i tilknytning til eksisterande infrastruktur
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Geotekniske tilhøve og radon må vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplan for området.
Universell utforming	-1	Utbygging med tanke på UU krev god planlegging og tilrettelegging av uteområde då terrenget er bratt.

Vurdering:

Det er knytt store landskapsmessige verdiar til området som område med særskild opplevingsverdi og som aktivt landbruksområde. Dette er eit sentrumsnært område og jordbruksareal, området bør ha høg utnyttingsgrad ved ei ev. utbygging.


Fagleg tilråding:

Det vert tilrådd at området ikkje vert innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen på grunn av området sin landbruksverdi og landskapsverdi.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Byggeområde for bustad, jf. plankart.

Kommunestyret sitt standpunkt som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: B3



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område – jordbruksområde

Areal: 6 daa

Planlagt ny arealbruk: Byggeområde for bustad

Kort omtale av tiltaket: Området ligg mellom eksisterande busetnad i Høydalen og andre planlagde bustadområde i Ty. Nærleik til etablert infrastruktur. Innspel frå grunneigar.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området er bratt og ligg eksponert mot vest, solrikt område. Tun og innmark i Ty er sårbart for omdisponering LAD.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		Bevaringsverdige hus i tunet, bør regulerast til spesialområde bevaring, KMP,
Rekreasjon og friluftsliv	x			Det går ein gangveg i nedre del av området.
Barn og unge	x			
Landbruk		x		6 daa overflatedyrka jord

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	Ei utbygging vil føre til endringar i landskapsbiletet rundt tunet i Ty. Bratt område som krev god landskapstilpassing av inngrep
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	-2	Fortetting av kulturlandskapet knytt til tunet i Ty.
Landbruk	-2	Tap av jordbruksareal
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Området ligg i tilknytning til eksisterande bustadfelt, flat og lett tilkomst frå Vangen til det aktuelle området.
Barn og unge	0	Nærleik til leikeplass og fine turområde. Manglande gang- og sykkelveg til skulen på strekka frå Ty til Ytstebøen
Nærmiljø og friluftsliv	+1	Nærleik til friluftsområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	+1	Nærleik til etablert infrastruktur
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-2	Rasfare må vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Tiltak mot radon må vurderast i reguleringsplan
Universell utforming	-1	Terrenget i området er bratt, føreset god planlegging og sterk styring av utbygging for å få ei god utforming

Vurdering: Området ligg med tilknytning til eksisterande bustadutbygging i Høydalen og nedre del av Ty. Arealet er delt opp av vegen og ligg igjen som ein rest mellom framtidig byggeområde og utbygde område. Rasfare må vurderast før ev. planlegging og utbygging av området. Tunet i Ty bør regulerast som spesialområde bevaring.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert lagt inn i arealdelen til kommuneplanen som framtidig bustadområde.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding, rasfare vurderast særskilt.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: B4



Planstatus/eksisterende arealbruk:

Regulert friområde

Areal: 34,5 daa

Planlagt ny arealbruk:

Bygeområde for bustad

Kort omtale av tiltaket: Området ligg over den eksisterande busetnaden i Høydalen. Den nordlege delen av området er svært bratt og det har vekse att med mykje lauvskog. Kommunen er grunneigar. Den sørlege delen er noko mindre bratt og det er ein privat grunneigar i området.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar		x		Område eksponert mot Aurlandsfjorden, bratt vestvend, ein bør vere varsam med å bygge ut i overkant av bustadfeltet i Høydalen LAD.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			Beite, kantsonar og område i gjengroing
Rekreasjon og friluftsliv		x		Tursti gjennom den nordlege delen av området, mykje brukt av dei som er busette i området
Barn og unge		x		Det nordlege området kan fungere som ein hundremetersskog, men det er svært bratt og lite tilgjengeleg
Landbruk		x		4 daa fulldyrkajor mindre lettbrukt 10,5 daa overflatedyrka jord 5 daa innmarks beite 15 daa Lauvskogområde med høgbonitet

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	Ei utbygging vil føre til inngrep i eit område som er peika på som sårbart i LAD. Den nordlege delen er svært bratt, ei utbygging vil vere svært krevjande i høve landskapstilpassing
Naturmiljø og naturressursar	-1	Kantsoner og område i gjengroing
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	-1	Den sørlege delen av området vert brukt som beiteområde, den nordlege delen er ikkje i bruk i dag, området gror igjen.
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Området ligg i samanheng med eksisterande byggeområde
Barn og unge	-2	Utbygging i regulert friområde er i strid med RPR for Barn og unge. Manglande gang- og sykkelveg til skulen.
Nærmiljø og friluftsliv	-2	Tursti gjennom området – viktig tilkomst til turområdet lenger nord.
Infrastruktur og offentlege tenester	-2	Vegutløysing av området er svært krevjande store landskapsinngrep og eit stort økonomisk løft.
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-3	Høgspenteledning gjennom området. Potensielt rasfareområde, før det vert utarbeidd reguleringsplan må rasfare og tryggingstiltak vurderast. Radonførebygging må vurderast
Universell utforming	-2	Terrenget i området er bratt, føreset god planlegging og sterk styring av utbygging for å få ei god utforming,

Vurdering: Den nordlege delen av området er regulert som friområde, det går ein viktig sti gjennom området. Området ligger som ein buffer mellom jordbruksområde i aktiv drift på oversida og eksisterande bustadområde i

Høydalen. Området er merka som potensielt rasfarleg område og det er kjent at det har gått ras i delar av dette området.

Fagleg tilråding: Det vert ikkje tilrådd å innarbeide dette området som framtidig bustadområde.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Byggeområde for bustad, området utvidast fram til gardstunet i Ty, rasfare vurderast særskilt

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: B5



Planstatus/eksisterende arealbruk: Område for spreidd bustadbygging **Areal:** 37 daa
Planlagt ny arealbruk: Byggeområde for bustad

Kort omtale av tiltaket: I området er det fleire bustadar og plass til fleire tomter. Avkørsra frå E-16 vert ikkje godkjent for utvida bruk, ein reguleringsplan for området må løyse tilkomst til området.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området er landskapsmessig eksponert mot Aurlandsfjorden
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			Skog med låg bonitet Skog med middelsbonitet

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	- 2	Bratt nordaustvendt område, ei utbygging vil føre til store landskapsinngrep. Ei utbygging krev landskapstilpassing.
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Kort avstand til arbeidsplassar i Flåm, 4 km til skulen og 3 km til barnehagen.
Barn og unge	-3	Manglar trygg kryssing av E-16
Nærmiljø og friluftsliv	+1	Område med nærleik til natur- og friluftsområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	-1	Privat anlegg for vatn og avløp
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-3	Rasfareområde, farleg avkøyning E16, geotekniske tilhøve og radon må vurderast i samband med utarbeiding av reguleringsplan. Gjennom den øvre delen av området går det ei høgspenning linje, byggegrense mot denne må fastsetast i reguleringsplan.
Universell utforming	-2	Terrengtet i området er bratt, føreset god planlegging og sterk styring av utbygging for å få ei god utforming,

Vurdering:

Rasfare og geotekniske tilhøve må vurderast før planlegging og utbygging av området. Området er bratt og krevjande å bygge ut, før utbygging må det etablerast trygg tilkomst til området, Statens vegvesen krev at tilkomsten går mot kommunal veg og portalen for tunnelen. I tillegg går det ei høgspenninglinje over området, det må leggest inn byggegrense mot høgspenning ev. kan den leggest i kabel gjennom området.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området ikkje vert lagt inn i kommuneplanen som framtidig byggeområde på grunn av usikre tilhøve kring rasfare og tilkomst til området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Byggeområde for bustad, jf. plankart, rasfare vurderast særskilt.

Kommunestyret sitt standpunkt som kommuneplannemnda/planutvalet

**Byggeområde for Erverv
Område: E1**



Planstatus/eksisterande arealbruk: LNF-område, settefiskanlegg og maskinoppstillingsplass **Areal:** 33 daa
Planlagd ny arealbruk: Erverv

Kort omtale av tiltaket: Det aktuelle arealet er sett av til næringsareal, innanfor område ligg settefiskanlegget til ECO og på motsett side av masseuttaket på Tero vert det lagra maskiner og anna utstyr. Området ligger mellom Rv 50 og Aurlandselvi. Delvis på terrengnivå lågare enn riksvegen. Området er lett synleg frå veggen.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar		x		Vegetasjonssona mot Aurlandselvi må takast vare på.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		SEFRAK-registrerte kvernhus og kornturke med høg verdi i kulturminneplanen for Aurland
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge		x		Område brukt av barnehagen om vinteren
Landbruk		x		20 daa gjødsla beite 8 daa annan jorddekt fastmark 5 daa overflatedyrka jord

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	0	
Naturmiljø og naturressursar	-1	Vegetasjonssona mot elva må takast vare på gjennom reguleringsplan for området.
Kulturmiljø og kulturminne	-2	Reguleringsplan må ta omsyn til kvernhuset og kornturka som ligg ved elva, det må vurderast om bygga skal regulerast til bevaring .
Landbruk	-1	Tap av dyrka og dyrkbar jord
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Området er knytt til eksisterande Rv 50 tilhøve til Rv 50 må avklarast med omsyn til avkøyrsløse og byggegrense
Barn og unge	-2	Sikre tilkomst for barnehagen til "Øyni"
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	0	Gjennom den austlege delen av området går hovudvassleidningen
Næringsutvikling og sysselsetting	+3	Tilrettelegging for næringsutvikling gjennom å sette av areal til formålet
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Høgspent gjennom delar av området. Deler av området ligg innanfor potensielt rasfareområde. Tilhøvet til vassverket på andre sida av elva må vurderast.
Universell utforming	0	


Vurdering: Det må utarbeidast ein reguleringsplan for området reguleringsplanen må ta omsyn til det som er peika på i det overståande.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert innarbeidd i kommuneplanen som framtidig område for erverv.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: E2



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område/skog

Areal: 5 daa

Planlagt ny arealbruk: Område for erverv

Kort omtale av tiltaket: Området ligg som eit areal mellom eksisterande område for erverv og framtidig område for erverv E1 i Nedstehajen. Det ligg i ei lomme mellom dyrkamark, etablerte bustadar og Aurlandselvi. Området ligg med tilknytning til den kommunale vegen til Låvi. Området kan nyttast som tilkomst til det framtidige området for erverv.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar		x		Vegetasjonssone mot Aurlandselvi
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		I Nestehajen ligg eldre trehusbusetnad med tre bygg som er SEFRAK registret.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			5 daa skog

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	0	
Naturmiljø og naturressursar	-1	Vegetasjonssona mot Aurlandselvi må takast vare på i samband med planlegging og utbygging av området.
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Området ligg knytt til kommunal veg og eksisterande område for næring
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-1	Gjennom området går høgspenst og det ligg eit privat reinseanlegg der.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1	Området knytt eksisterande og framtidige område for erverv saman.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-2	Område med potensiell rasfare, byggegrense knytt til høgspenst.
Universell utforming	0	


Vurdering: Området gjev ein forbindelse frå eksisterande næringsområde i Låvishagen til framtidig område for erverv i Nedstehajen. Området kan nyttast til veg og utbyggingsareal.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen som framtidig byggeområde for erverv. Området må planleggjast i samanheng med området i Nedstehajen.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: ikkje vurdert, framlegg i kommunestyret si handsaming.

Kommunestyret sitt standpunkt: Del av areal frå miljøstasjonen og mot det nye området for framtidig erverv (E1), for å knyte det saman og for å få ein veg der.

Område: E3



Planstatus/eksisterande arealbruk: LNF-område
Planlagt ny arealbruk: Erverv

Areal: 1,5 daa

Kort omtale av tiltaket: Området ligg mellom eksisterande busetnad langs Rv 50 og Aurlandselvi. Området grensar til kommunen sin miljøstasjon og er knytt til eksisterande infrastruktur. Området er tenkt som areal for samlokalisering av kommunen si eining for teknisk drift.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar	x			
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		I Nestehagen ligg eldre trehusbusetnad med tre bygg som er SEFRAK registrert.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk			x	1,5 daa fulldyrka jord

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	
Naturmiljø og naturressursar	0	
Kulturmiljø og kulturminne	-1	Tunet i Nestehagen, kulturmiljø som må takast omsyn til.
Landbruk	-3	Tap av dyrkamark
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Ligg knytt til veg og anna næringsområde med ulike næringsverksemdar
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	+2	Knytt til eksisterande infrastruktur.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2	Areal som legg til rette for etablering av næringsverksemd.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Området ligg delvis innanfor potensielt fareområde for skred. Radon må vurderast i samband med bygging
Universell utforming	0	

Vurdering:

I samband med reguleringsplan må rasfaren vurderast. Arealet er knytt til eksisterande næringsverksemdar og kommunen sin miljøstasjon. Ein reguleringsplan for området må vurdere utbygginga i høve eksisterande busetnad i området.

Fagleg tilråding:

Det vert tilrådd at området vert innarbeidd i arealdelen som framtidig byggeområde for erverv.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: E4



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område
Planlagt ny arealbruk: Erverv

Areal: 12 daa

Kort omtale av tiltaket: Området ligg langs Fv 243 over gardsbusetnaden i Kvam. Det ligg nordvestvendt på oversida av vegen. Det er ønske om å nytte området til turisttilknytt næring eller anna næringsføremål

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området er ein del av ei hagemark, einerhage som er registrert som regionalt viktig, området ligg i overgangen mellom open beitemark og lauvskog og det er eksponert mot det store fjordlandskapet
Kulturminne og landskap		x		Kvamshagane - området er ein del av eit lokalt viktig kulturlandskap – einerhage
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk		x		9 daa Innmarksbeite 3 daa lauvskog

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Utforming av bygg og anlegg krev god tilpassing til landskapet
Naturmiljø og naturressursar	-2	Inngrep i eit viktig område for biologisk mangfald
Kulturmiljø og kulturminne	-2	Inngrep i eit viktig kulturlandskap
Landbruk	-1	Tap av jordbruksareal
Samfunn:		
Areal og transport	-1	Område knytt til Fv 243, dårleg vegstandard, det må etablerast avkøyrsløse til eigedomen frå Fv 243.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-1	Infrastruktur manglar i området. Infrastruktur må planleggast som ein del av reguleringsplanen. Det må etablerast ny avkøyrsløse frå Fv 243.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2	Trygging av gardsdrifta.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Rasfare må vurderast før utarbeiding av reguleringsplan for området. Tiltak mot radon må vurderast i samband med bygging i området.
Universell utforming	0	

Vurdering: Området ligg i utkanten av ein einerhage som er registrert som eit viktig kulturlandskap og viktig område for biologisk mangfald. Planlegging og utbygging i området må ta omsyn til dei registrerte verdiane i området.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd og innarbeide området som framtidig byggeområde for erverv. Det må utarbeidast reguleringsplan for området før bygging i området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: E5



Planstatus/eksisterende arealbruk: Landbruks-, natur- og friluftsområde
Planlagt ny arealbruk: Erverv

Areal: 4 daa

Kort omtale av tiltaket:

Det aktuelle området ligger langs kommunal veg vest for busetnaden ved Salthella. Gjennom området går vegen til Vangen kraftstasjon og småbåthamna til ECO. Området består av fylling.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar	x			
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			Snarveg langs øvre del av området
Landbruk	x			Utfyllingsområde

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	0	
Naturmiljø og naturressursar	0	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Område med tilkomst til småbåthamn og Vangen kraftverk. Fortetting i eit utbygd område, området er mindre eigna til bustadområde, pga av soltilhøve.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	+1	Området ligg opp mot eksisterande infrastruktur.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2	Legg til rette for næringsutvikling gjennom å legge ut næringsareal.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Området ligg innanfor potensielt fareområde for skred
Universell utforming	0	

Vurdering:

Området er knytt til ECO-hamna mellom bustader på begge sider. Bruken av området må avgrense seg til verksemd som ikkje kjem i konflikt med eksisterande busetnad.


Fagleg tilråding:

Det vert tilrådd at området vert innarbeidd som framtidig område for erver. Det må utarbeidast reguleringsplan før utbygging i området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: E6



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 17,5 daa
Planlagt ny arealbruk: Bygeområde for erverv - Næringsområde

Kort omtale av tiltaket: Området ligg på Fretheimshaugadn sør for kaia og Fretheim hotel i Flåm. Det er planar om etablering av eit tun med mindre bygningar for overnatting kor det gamle klyngetunet på Fretheimshaugadn lå. I tillegg er det planar om eit forsamlingslokale, interne vegar, gangsti, parkering og ei tomt for gardsbutikk/turisme.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området er eksponert frå sentrumsområda i Flåm og frå fjorden. Det ligg som bakgrunnsareal for det aktive næringsområdet. Visuelt eit viktig og sårbart område.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		Området er aktivt jordbruksområde og delar av det tresatt beiteområde.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk			x	15,5 daa fulldyrka jord mindre lettbrukt inmarksbeite og skog.

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:	Kommentarar
Miljø og naturressursar:	
Landskap	-2 Ei utbygging i området krev god landskapstilpassing.
Naturmiljø og naturressursar	-1
Kulturmiljø og kulturminne	-2 Beitebakkane på Fretheimshaugadn er viktige for landskapsbiletet
Landbruk	-2 Tap av dyrka og dyrkbar jord
Samfunn:	
Areal og transport	+2 Ligg nær turisttrafikken
Barn og unge	0
Nærmiljø og friluftsliv	0
Infrastruktur og offentlege tenester	+1 Området ligg nær eksisterande infrastruktur. Tilkomst til området må vurderast særskilt.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2 Næringsutvikling som kan utnytte turisttilstrøyminga til Flåm
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1 Det er hav og fjordavsetningar i grunnen i delar av området, stabiliteten i massane bør vurderast, tiltak mot radon må vurderast før utbygging.
Universell utforming	-1 Området ligg i skrånande terreng ei utbygging må ta omsyn til universell utforming av området.


Vurdering: Eit landskapsmessig eksponert område med høg verdi. Ei utbygging i området må vurderast særskilt med tanke på landskapsverknader. Visuell verknad av tiltaket må vurderast i planleggingsfasen, det er spesielt fjernverknad og silhuett verknad som er viktig.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert lagt inn som framtidig område for erverv. Det må utarbeidast reguleringsplan før utbygging av området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: E7



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 21 daa
Planlagt ny arealbruk: Byggeområde for erverv - Næringsareal

Kort omtale av tiltaket: Arealet ligg mellom Undredalselvi, E16 og Fv 601, det er eit utfyllingsområde som vart etablert i samband med vegarbeidet til og forbi Undredal. Området ligg nært knytt til stamvegen E-16. Denne delen av Undredalen er open og det er god kontakt mot stølsmiljøet på Langhuso.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området ligg i verdsarvområdet. Undredalselvi er eit verna vassdrag.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		Stølen Langhuso ligg i nærleiken av området.
Rekreasjon og friluftsliv		x		DNT sti til Grindaflethytta frå Langhuso.
Barn og unge	x			
Landbruk	x			Anna jorddekt fastmark, utfyllingsområde.

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Landskapsverdiene må takast vare på ved ei utbygging .
Naturmiljø og naturressursar	-1	Ei utbygging må ta omsyn til verneverdiene og kantsonene knytt til vassdraget.
Kulturmiljø og kulturminne	-1	Ei utbygging må ta omsyn til stølsmiljøet på Langhuso.
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Området ligger langs hovudferdselsåra E16.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-1	Opparbeiding av vatn og avløp.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2	Legg til rette for næringsutvikling lokalt.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Potensielt fareområde for skred, faren må avklarast i samband med utbygging.
Universell utforming	+1	Området er flatt og det kan leggjast til rette for universell utforming.


Vurdering: Området ligg i verdsarvområdet. Det er mange tunge fysiske inngrep i området frå før knytt til E16 og Rv 601. Arealet består av fyllmassar. Utforming av bygningar i området må ta omsyn til landskapsverdien som er knytt til området og Undredalselvi som er eit verna vassdrag. I samband med reguleringsplan må rasfaren i området vurderast.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert innarbeidd som framtidig område for erverv det vert krav om utarbeiding av reguleringsplan for området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet .

Område: E8



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 7,5 daa
Planlagd ny arealbruk: Byggeområde for erverv - Næringsareal

Kort omtale av tiltaket:

Området ligg mellom E16 og vernegrensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er ei landbruksavkøyrsløse til området i dag. Området kan vere rasutsett

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Ligg i verdsarvområdet, grensar til landskapsvernområdet.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Ligg langs E16.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-2	
Næringsutvikling og sysselsetting		
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-3	Potensielt fareområde for skred, fare ved etablering av ny avkøyrsløse frå E-16, auke i ulykkesrisiko.
Universell utforming	0	

Vurdering:

Området ligg langs E-16 på ei rett strekke med høg hastigheit. Etablering av eit næringsområde her vil føre til ein auke i ulykkesrisikoen på strekninga i tillegg er det rasfare i området.

Fagleg tilråding:


Det vert tilrådd at området ikkje vert innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt:

Byggeområde for erverv - Næringsareal jf plankart, rasfare vurderast særskilt.

Kommunestyret sitt standpunkt : som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: E9



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 5,5 daa
Planlagd ny arealbruk: Byggeområde for erverv - Næringsareal

Kort omtale av tiltaket:

Området ligg mellom E16 og vernegrensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er ei landbruksavkøyrsløse til området i dag. Området kan vere rasutsett.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Ligg i verdsarvområdet, grensar til landskapsvernområdet.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Ligg langs E16.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-2	
Næringsutvikling og sysselsetting		
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-3	Potensielt fareområde for skred, fare ved etablering av ny avkøyrsløse frå E-16, auke i ulykkesrisiko.
Universell utforming	0	

Vurdering:

Området ligg langs E-16 på ei rett strekke med høg hastighet. Etablering av eit næringsområde her vil føre til ein auke i ulykkesrisikoen på strekninga i tillegg er det rasfare i området.

Fagleg tilråding:


Det vert tilrådd at området ikkje vert innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt:

Byggeområde for erverv – Næringsareal, jf plankart, rasfare vurderast særskilt.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: E10



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 7,5 daa
Planlagd ny arealbruk: Byggeområde for erverv - Næringsareal

Kort omtale av tiltaket:

Området ligg mellom E16 og vernegrensa for Nærøyfjorden landskapsvernområde. Det er ei landbruksavkøyrsløse til området i dag. Området kan vere rasutsett

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Ligg i verdsarvområdet, grensar til landskapsvernområdet.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Ligg langs E16.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-2	
Næringsutvikling og sysselsetting		
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-3	Potensielt fareområde for skred, fare ved etablering av ny avkøyrsløse frå E-16, auke i ulykkesrisiko.
Universell utforming	0	

Vurdering:

Området ligg langs E-16 på ei rett strekke med høg hastigheit. Etablering av eit næringsområde her vil føre til ein auke i ulykkesrisikoen på strekninga i tillegg er det rasfare i området.

Fagleg tilråding:


Det vert tilrådd at området ikkje vert innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt:

Byggeområde for erverv – Næringsareal jf plankart, rasfare vurderast særskilt.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: E11



Planstatus/eksisterende arealbruk: Regulert vegetasjonssone **Areal:** 10 daa
Planlagd ny arealbruk: Byggeområde for erverv - Næringsareal

Kort omtale av tiltaket:

Området er ligg i reguleringsplanen for masseuttaket i Jordalsnuten. Området er regulert til vegtasjonssone for å verne mot innsyn til steinbrotet. Ein liten del av det aktuelle området er regulert til industriområdet. Området har avkøyrsløse frå E-16 felles med steinbrotet. Området er eksponert frå E-16 og ligg i ei overgangssone i dalen frå eit flatt parti til eit brattare parti.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Ligg i verdsarvområde og delvis i verna vassdrag.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:


Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	Ei utbygginga må ta omsyn til landskapet.
Naturmiljø og naturressursar	-1	Kantsone mot Jordalselvi.
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Ligg knytt til E16.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	+1	Eksisterande regulert avkøyrsløse frå E-16 kan nyttast knytt til eksisterande inngrep og infrastruktur.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1	Tiltak for å legge til rette for næringsutvikling.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Fareområde skred.
Universell utforming	0	

Vurdering: Området ligg med tilknytning til eksisterande industri og det er sikker avkøyrsløse frå E16. Av dei vurderte områda i Nærøydalen er dette området det einaste som er knytt til ei eksisterande avkøyrsløse. Området sin funksjon som vegetasjonsbelte mellom E16 og gruve drifta er viktig, men det er og viktig for kommunen å ha tilgang til næringsareal i Nærøydalen.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området innarbeidast i arealdelen til kommuneplanen. Det må stillast krav om utarbeiding av reguleringsplan. I samband med reguleringsplanen må rasfare vurderast. Det må innarbeidast spesielle landskapsomsyn i reguleringsplanen.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt som kommuneplannemnda/planutvalet.

Byggeområde fritidsbustad:**Område: F1****Planstatus/eksisterande arealbruk:** LNF-område, eit lite regulert hyttefelt**Areal:** 360 daa**Planlagd ny arealbruk:** Byggeområde for fritidsbustad

Kort omtale av tiltaket: Området ligg mellom Bell og Volda med fjorden som avgrensing mot vest. I området er det etablert nokre hytter langs fylkesvegen og ved Volda. Området er svært bratt med samanhengande bjørkeskog. Innanfor området ligg Blåfjell skytebane. Det er ønskje om å nytte området til fritidsbustadar. Innspelet er motteke frå grunneigar.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Stor samanhengande bjørkeli i fjordsida. Ein del av det store landskapsrommet knytt til Aurlandsfjorden.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		Kulturlandskap med mange spor etter bruk.
Rekreasjon og friluftsliv			x	Viktig og lett tilgjengeleg turområde for busette i området Vangen – Høydalen
Barn og unge		x		
Landbruk	x			Skog av høg bonitet, uproduktiv skog, innmarksbeite og tungbrukt fulldyrka jord.

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-2	Området er eksponert mot Aurlandsfjorden og svært bratt.
Naturmiljø og naturressursar	-1	
Kulturmiljø og kulturminne	-1	Historisk kulturlandskap med slåtte- og beiteområder.
Landbruk	0	Området er lite viktig som jordbruksområde i dag.
Samfunn:		
Areal og transport	-1	Tilkomst til området må vurderast som ein del av planarbeidet, auke i trafikken på Fv 243/242, vegen har ikkje gang- og sykkelveg.
Barn og unge	-2	Området er eit viktig turområde.
Nærmiljø og friluftsliv	-2	Ved utbygging med fritidsbustadar vil området miste noko av verdien som friluftsområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	-2	Området manglar infrastruktur, hovudtilkomst til området må vurderast nærare.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1	Kan gje auke i talet arbeidsplassar i utbyggingsperioden.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-2	Rasfarleg område, rasfare og tryggingstiltak må vurderast før utarbeiding av reguleringsplan. Strålingsfare ved radon må vurderast. Det går høgspenst gjennom området, som må takast omsyn til ved ev. utbygging. Vurdering av tilhøve til Blåfjell skytebane m.a. støy.
Universell utforming	-1	Terranget i området er bratt, føreset god planlegging og sterk styring av utbygginga for å få ei god utforming.

Vurdering: Rasfare må vurderast før vidare planlegging og utbygging i området. Landskapsverknadane av ei utbygging må vurderast nærare. Terranget er bratt og krevjande å bygge ut i. Tilkomst og behov for infrastruktur må vurderast nærare. Ved utbygging må turstiar i området ivaretaast. Ved utarbeiding av reguleringsplan for området bør det samstundes vurderast ei rekkefølge for utbygging innanfor området.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området ikkje vert lagt inn i arealdelen til kommuneplanen på grunn av rasfare, område sin verdi som friluftsområde og landskapsverdi.

Kommuneplannemnda sitt standpunkt:


Fleirtalsframlegg Byggeområde for fritidsbustad. Turstiane i området skal takast vare på. Rasfare vurderast særskilt. 4 stemmer

Alt 2: Som fagleg tilråding 1 stemme

Planutvalet sitt standpunkt: Byggeområde for fritidsbustad. Turstiane i området skal takast vare på. Rasfare vurderast særskilt. Einstemmig.

Kommunestyret sitt standpunkt: som planutvalet.

Område: F2



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 14 daa
Planlagt ny arealbruk: Område for fritidsbustadar

Kort omtale av tiltaket: Området ligg på ei flate nedanfor fylkesvegen, på oppsida av vegen er det ei hytte. Det er planar om utbygging av utleiehytter for å betre driftsgrunnlaget på garden – innspel frå grunneigar.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Området ligg på hei hylle i den bratte lisida mellom Høgåsen og Kvam. Område har utsikt mot Aurlandsfjorden og Flåm.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			Beitemark
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk		x		8,5 daa Gjødsla beite, 5,5 daa Lauvskog med svært høg bonitet

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Område som er eksponert mot det store landskapsrommet knytt til Aurlandsfjorden – stor avstand.
Naturmiljø og naturressursar	0	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	-1	Tap av landbruksjord.
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Ligg langs Fv 243.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-1	Infrastruktur må planleggast som ein del av reguleringsplanen. Det må etablerast ny avkøyrsløse frå Fv 243.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1	Trygging av driftsgrunnlaget på garden.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-2	Området er rasutsett, sikringstiltak må innarbeidast i reguleringsplan og gjennomførast i samband med utbygging. Sikring av området må ikkje gjennomførast på ein slik måte at det vert auka risiko for område som ligg lenger ned i fjellsida. Skrentane i området må sikrast.
Universell utforming		Delar av området kan tilretteleggast for universell utforming.

Vurdering: Området ligg fritt og fint i eit landskap kor fjernverknaden er viktig. Vurdering av landskapsverknaden av ei utbygging er viktig i samband med utarbeiding av ein reguleringsplan.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at arealet vert innarbeidd som et framtidig område for fritidsbustad. Det må utarbeidast reguleringsplan for området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: F3



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 2 daa
Planlagt ny arealbruk: Byggeområde for fritidsbustad

Kort omtale av tiltaket: Det er planar om etablering av utleiehytter på det aktuelle arealet. I samband med utbygging av E-16 vart det etablert ei fylling i området med tanke på framtidig bygging. I samband med bygging vil det vere naudsynt å etablere ein tilkomstveg ned til området den vil vere knytt til eksisterande avkøyrsløse frå E-16

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar		x		Område ligg innanfor 100-metersbeltet til sjø eksponert mot Aurlandsfjorden. Området er bygd opp av utfyllingsmassar og er ikkje ein del av ei naturleg strandlinje.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne		x		Det ligg eit gammalt naust tilhøyrande garden Åtnes rett vest for området.
Rekreasjon og friluftsliv	x			Området er lite tilgjengeleg og ikkje nytta av allmenta.
Barn og unge	x			
Landbruk	x			

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:	Kommentarar
Miljø og naturressursar:	
Landskap	-1 Nedbygging av strandsone – området er eksponert mot fjorden og har ein visuell samanheng med tunet på Åtnes og busetnaden elles i Hellestadbukti. Utforming av bygningane er viktig.
Naturmiljø og naturressursar	-1
Kulturmiljø og kulturminne	-1 Tilhøve til det gamle naustet bør avklarast i ein reguleringsplan for området.
Landbruk	0
Samfunn:	
Areal og transport	+1 Ligg langs hovudferdsleåra og med nærleik til eksisterande busetnad.
Barn og unge	0
Nærmiljø og friluftsliv	0
Infrastruktur og offentlege tenester	-1 Infrastruktur må tilretteleggast, kan knyte seg til eksisterande avkøyrsløse frå E-16.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1 Området ligg i potensielt rasfareområde. Ved utbygging må ein ta omsyn til auka vasstand ved springflo/stormflo.
Universell utforming	


Vurdering: Området er fylt ut med tanke på framtidig utbygging. Utbygginga må ta omsyn til naustet. Ei god utforming av tilkomsten og hyttene er naudsynt. Dette må avklarast gjennom reguleringsplan for området.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert innarbeidd som framtidig byggeområde for fritidsbustad. Det vert stilt krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: F4



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område
Planlagt ny arealbruk: Campingplass

Areal: 9,5 daa

Kort omtale av tiltaket: Vang camping i Gudvangen ønskes å utvide campingplassen. Campingplassen ligger på flata mellom E-16 og Nærøydalselvi. Nærøydalen vidar seg ut noko i dette området.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			X	Området ligg i verdsarvområdet. Nærøydalselvi er eit verna vassdrag og nasjonal lakseelv
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk			X	9,5 daa fulldyrka jord lettbrukt

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Verknader av nye byggetiltak i høve landskap må vurderast særskild.
Naturmiljø og naturressursar	-1	Naturleg vegetasjonssone mot Nærøydalselvi må bevarast.
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	-2	Tap av dyrkamark.
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Campingplassen ligg knytt opp til stamvegnettet og eksisterande busetnad.
Barn og unge	-1	Manglar gang og sykkelveg langs E-16.
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	-1	Manglar gang og sykkelveg.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1	Trygge drifta på campingplassen.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-2	Området kan vere utsett for støy frå E-16 og byggegrense mot E-16 må vurderast. Rasfare og flomfare må vurderast særskild i samband med planlegging og utbygging i området.
Universell utforming	+1	Området er flatt og det ligg til rette for universell utforming.


Vurdering: Området er knytt opp til eksisterande campingplass. Ei utviding av campingplassen må ta omsyn til vegetasjonssonene mot Nærøydalselvi. Før utarbeiding av reguleringsplan må flomfare og rasfare vurderast.

Fagleg tilråding: Området vert lagt inn i arealdelen med krav om at det skal utarbeidast reguleringsplan for utviding av campingplassen. Før det vert utarbeidd reguleringsplan må flomfare og rasfare vurderast, eventuelle sikringstiltak må innarbeidast i reguleringsplanen.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Anna byggeområde
Område: AB7



Planstatus/eksisterende arealbruk: Bustadområde **Areal:** 27,5 daa
Planlagt ny arealbruk: Kombinert bustad/erverv

Kort omtale av tiltaket: Området ligg på flata mellom Flåmselvi, vegen, Flåmsbana og eksisterande busetnad i området. Målet for området er å legge til rette for utbygging av næring og bustad kvar for seg eller i kombinasjon.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar	x			
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk			x	25 daa fulldyrka jord

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	0	
Naturmiljø og naturressursar	0	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	Tap av dyrkamark, men arealet er allereie omdisponert i gjeldande kommuneplan.
Samfunn:		
Areal og transport	+3	Gangavstand til eksisterande busetnad, vurdering av kva for næringsaktivitet som kan leggest inn i området.
Barn og unge	+1	Kort avstand til barnehage, skule og andre byggeområde.
Nærmiljø og friluftsliv	+2	Gode turmogelegheiter i området.
Infrastruktur og offentlege tenester	+2	Området er knytt opp mot eksisterande infrastruktur.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2	Det er lite ledig næringsareal igjen sentralt i Flåm det er behov for å legge til rette for vidare næringsutvikling i området.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Fare ved kryssing av jernbanelinja for gåande og køyrande. Ny utbygging må nytte seg av den etablerte lysregulerte planovergangen til Fretheimshaugane. Støy i høve til jernbane og byggegrensa mot jernbanen er tilhøve som må vurderast i ein reguleringsplan.
Universell utforming	+2	Området er flatt og det ligg tilrette for universell utforming av området.

Vurdering: Det er stort behov for næringsareal i Flåm. Det aktuelle arealet er lett tilgjengeleg og det ligg nært opptil dei utbygde områda. Støy i høve Flåmsbana og sikker kryssing av Flåmsbana er viktige høve som må vurderast i samband med planlegging og utbygging av området.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert lagt inn som kombinert område bustad/erverv. Det må utarbeidast reguleringsplan for området før utbygging.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: AB8



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område/tipp **Areal:** 48 daa
Planlagt ny arealbruk: Anna byggeområde - kraftverksanlegg

Kort omtale av tiltaket: Planar for ei ny stor kraftutbygging er under vurdering i Aurland kommune. Det er E-CO vannkraft som står bak planane. Aurland kommune ønskjer å gje signal om at ein er positiv til planane om kraftutbygging i kommunen og ønskjer derfor å sette av eit areal i arealdelen til kommuneplanen til dette formålet. Det er E-CO som er grunneigar på arealet og det er nytta til tipp i samband med tidlegare kraftutbygging i området.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar	x			
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			Området er ein tidlegare tipp som i dag har grodd til med skog.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			48 daa gjødsla beite

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Området ligg i strekt skrånande terreng og er godt synleg frå hovudferdsleåra Rv 50, samtidig er det eit område med eksisterande inngrep.
Naturmiljø og naturressursar	0	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	-1	
Samfunn:		
Areal og transport	+2	Området er knytt til aktuelt utbyggingsområde.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	0	
Næringsutvikling og sysselsetting	+3	Ei kraftutbygging i Aurland vil ha store positive ringverknadar i form av arbeidsplassar i ei utbyggingsfase.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Området ligg i potensielt rasfareområde.
Universell utforming	0	

Vurdering:

Området har allereie tunge tekniske inngrep i form av ein tipp etablert i samband med tidlegare kraftutbygging i området.

Fagleg tilråding:

Det vert tilrådd at området vert lagt inn som framtidig anna byggeområde med føremål kraftverksanlegg.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Låvi kraftverk innarbeidast.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: AB9



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 65 daa
Planlagt ny arealbruk: Område for motorsportanlegg Alt 1

Kort omtale av tiltaket: Det er planar om etablering av motorsportanlegg i Vassbygdi. Ungdommen i Aurland har ønske om ein plass kor det er tillete å køyre.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar	x			
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			Område er delvis bygd opp av utfyllingsmassar.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk	x			

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	0	
Naturmiljø og naturressursar	0	
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	0	
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Ligg langs hovudferdselsåre Rv 50.
Barn og unge	+2	Legge til rette for motorsportsaktivitet i organiserte former.
Nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ikkje nærleik til etablerte friluftsområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	0	Det må etablerast ny avkøyrsløp frå Rv 50.
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-3	Rasfare og steinsprang det er ikkje mogleg å sikre området mot steinsprang. Støy i høve busetnad i området må vurderast.
Universell utforming	+1	Ligg til rette for universell utforming.

Vurdering:

Området egner seg godt for etablering av motorsportanlegg. Området er rasutsett og det er ikkje råd å sikre området mot steinsprang. Dermed er det lite aktuelt å opne opp for aktivitet som gjer at folk oppheld seg i området.

Fagleg tilråding: Alt. 1 må vurderast opp mot alt. 2 i samband med planlegging av motorsportbane.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.
Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: AB10



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område **Areal:** 40 daa

Planlagt ny arealbruk: Område for motorsportanlegg alt 2.

Kort omtale av tiltaket: Det er planar om etablering av eit motorsportanlegg i Vassbygdi.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar		x		Del av eit elvedelta som er middels berørt registrert i elvedeltabasen, vassdraget er regulert. Det er gjennomført tiltak for å betre oppvekstmiljø for fisk. Viktige kantsoner mot elva.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk		x		7,5 daa gjødsla beite 27,5 daa lauvskog 5 daa anna jorddekt fastmark

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	
Naturmiljø og naturressursar	-1	Bruken må vurderast opp mot konsekvensar for vassdrag, elvedelta og fisk, dette må avklarast i planprosessen i samband med reguleringsplanen.
Kulturmiljø og kulturminne	0	
Landbruk	-1	Omdisponering av dyrkamark og utmark.
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Ligg langs hovudferdsleåre Rv 50.
Barn og unge	+2	Legge til rette for motorsportsaktivitet i organiserte former.
Nærmiljø og friluftsliv	0	Det er ikkje nærleik til etablerte friluftsområde.
Infrastruktur og offentlege tenester	0	Det må etablerast ny avkøyrsløse frå Rv 50.
Næringsutvikling og sysselsetting	0	
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Vurdering av støy og rasfare må gjerast i samband med reguleringsplan for området.
Universell utforming	+1	Ligg til rette for universell utforming..


Vurdering: Området ligg i deltaområdet knytt til Aurlandselvi og Vassbygdevatnet. Elva er regulert og vassføringa i elva er sterkt redusert. Området sin verdi som oppvekstområde for fisk må vurderast og gjennom reguleringsplanen kan ein styre bruken av området for motorsport gjennom føresegner. Området ligg eit stykke i frå etablert busetnad, noko som kan vere ein fordel i høve til støy. Området ligg nær hovudferdsleåra Rv 50 og det er mange tekniske inngrep i området frå før.

Fagleg tilråding: Alt. 2 må vurderast opp mot alt. 1 i samband med planlegging av motorsportbane.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.

Område: MU1



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område, landbruksområde, dyrkamark **Areal:** 21 daa
Planlagt ny arealbruk: Masseuttak

Kort omtale av tiltaket: Arealet ligg mellom Rv 50 og Tero. I dette området er det elveterrassar med store lausmasseavsetningar. Innspelet er motteke frå grunneigar og drivar av eit masseuttak i området. Det eksisterande uttaket skal avviklast og det er behov for etablering av eit nytt uttak.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar		x		Grusførekomst som er viktig i Aurland kommune.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne	x			Beitebakkar i gjengroing.
Rekreasjon og friluftsliv	x			
Barn og unge	x			
Landbruk		x		2 daa fulldyrka lettbruk jord 3 daa gjødsla beite 16 daa skog med høgbonitet

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Endring og inngrep i landskapet.
Naturmiljø og naturressursar	+2	Rett utnytting av grusførekomsten.
Kulturmiljø og kulturminne	-1	Inngrep i kulturlandskapet.
Landbruk	-1	Tap av dyrkamark.
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Området ligg langs Rv 50.
Barn og unge	0	
Nærmiljø og friluftsliv	0	
Infrastruktur og offentlege tenester	0	Avkøyrsløse frå Rv 50 og veg til området må etablerast, den kan etablerast i samband med eksisterande landbruksavkøyrsløse.
Næringsutvikling og sysselsetting	+2	Det er behov for eit masseuttak i Aurland kommune.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Det må etablerast trygg avkøyrsløse frå Rv 50, området ligg i område med potensiell rasfare.
Universell utforming	0	

Vurdering:

Området er registrert som eit område med viktige grusressursar i Aurland kommune. Det er viktig at ein plan for området avklarar tilkomsten til området, planen bør også gjere greie for korleis området skal rehabiliterast i samband med avvikling av masseuttaket.

Fagleg tilråding:


Det vert tilrådd at området vert innarbeidd i arealdelen til kommuneplanen som område for råstoffutvinning – masseuttak.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Nytt grustak Tero innarbeiddast.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Bandlagde område

Område: BA1



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område – villreinområde
Planlagt ny arealbruk: Fritidsbustad, alpinanlegg, erverv

Kort omtale av tiltaket: Det er planar om utvikling av området med tanke på etablering av fritidsbustadar og alpinanlegg. I omfang er det antyda inntil 500 bueningar. Kvammadalen ligg som ein dal og botn i fjellområda over hovuddalføret i Aurland. I nedre del ligg gardane Bjørge og Turli. Vidare oppover dalen ligg det stølar og beitområde. Gjennom området går Fv 243 Nasjonal turistveg, vegen er vinterstengd. Området er eit mykje brukt turområde sommar og vinter for innbyggerane i kommunen.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Få inngrep i dag. Landskapet har ei slik utforming at nye inngrep er godt synlege frå fv 243. Området ligg innanfor godkjent villrein vald.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne			x	Eldre stølsmiljø, vatningsveit til gardane i Ås, Kvam, Ty og Høydalen,
Rekreasjon og friluftsliv			x	Område registrert som viktig friluftsområde for bruk både sommar og vinter. Populært utfartsområde og område som ligg nærast Aurlandsvangel med tilgang til snø om vinteren. Nasjonal turistveg gjennom området.
Barn og unge			x	
Landbruk			x	Beiteområde, stølsområde og 2 gardar innanfor avgrensinga

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:		Kommentarar
Miljø og naturressursar:		
Landskap	-1	Plan og KU må avdekke konsekvensar knytt til landskapet
Naturmiljø og naturressursar	-2	Forholdet til villrein må avklarast i kommunedelplanen. Auka tilrettelegging i form av skiheis vil kunne føre til auka ferdslø inn i villreinområde.
Kulturmiljø og kulturminne	-2	Forholdet til dei gamle stølsmiljøa, andre kulturminne knytt til landbruk og tidlegare tiders bruk av området må avklarast gjennom KU og planarbeid.
Landbruk	-2	Området sin verdi for landbruket må avklarast og konsekvensar vurderast
Samfunn:		
Areal og transport	+1	Området ligg knytt til fylkesvegen
Barn og unge	+1	Ei utbygging med alpinanlegg kan vere eit positiv tilbod til barn og unge.
Nærmiljø og friluftsliv	0	Tiltaket vil kan vere positivt i høve til betre tilrettelegging for friluftaktivitet, det vil samtidig kunne ha den motsette verknaden.
Infrastruktur og offentlege tenester	-2	Kan føre til behov for store investeringar i infrastruktur, vatn og avlaup og veganlegg og utbetringar på Fv 243.
Næringsutvikling og sysselsetting	+1	Kan vere positivt i utbyggingsperioden og etterpå
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	-1	Tryggleik i høve snøskred må avklarast, konsekvensar av trafikklauke på vegen.
Universell utforming	+1	Utbygging og tilrettelegging må ta omsyn til universell utforming av område.


Vurdering: Området har store verdiar knytt til villrein, friluftsliv, kulturminne og landbruks- og landskapsverdiar. Ein eigen planprosess for området vil på beste måten finne løysingar for utvikling av området og vurdere konsekvensar av denne utviklinga. Omfang av utbygginga må vurderast som ein del av planarbeidet.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert innarbeidd som bandlagt areal for vidare arbeid med kommunedelplan og KU.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Formålet med arealbruken er fritidsbustad, alpinanlegg og erverv. Det må utarbeidast ein kommunedelplan med påfølgjande reguleringsplanar, så snart som råd.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: BA2



Planstatus/eksisterende arealbruk: Regulert sentrumsområde med bygge-, landbruks-, fri-, trafikk og trafikkområde i sjø. Uregulert område som LNF-område

Planlagt ny arealbruk: Sentrumsområde med sentrumsfunksjonar samt område for utskipping av stein frå steinbrotet i Nærøydalen

Kort omtale av tiltaket: Gudvangen ligg omslutta av Nærøyfjorden landskapsvernområde og er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. For området er det ein reguleringsplan med fleire reguleringsendringar. Det er naudsynt å vurdere arealbruken i området for å tilpasse seg auke og endring i turisttilstrøyminga til området. Det er ein auke i chartertrafikken på fjorden noko som fører med seg behov for større kapasitet på kaiplass i sjø og p-plassar på land. Parkering og trafikkavvikling samt ev. ny lokalisering av kai for utskipping for stein frå Nærøydalen må vurderast. Det er merka av fire utgreiingsalternativ for lokalisering av utskipping som må utredast som ein del av planarbeidet.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Store landskapsverdiar. Nærøydalselvi er eit varig verna vassdrag og nasjonalt laksevassdrag.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne			x	Mange SEFRAK-registrerte bygningar.
Rekreasjon og friluftsliv		x		Område lett tilgjengeleg frå stamvegen E16 og frå fjorden.
Barn og unge		x		Badeplass.
Landbruk		x		Jordbruksområde med lite aktiv drift i dag.

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:	Kommentarar
Miljø og naturressursar:	
Landskap	Konsekvensar for UNESCO-verdiane. Nye tiltak må vurderast i høve verknader på landskapet spesielt ved ny lokalisering av utskipping av anortositt vil dette bli eit viktig tema.
Naturmiljø og naturressursar	Konsekvensar knytt til Nærøydalselvi med sidebekkar/elver må utredast også konsekvensar for laks.
Kulturmiljø og kulturminne	Vurdering av konsekvensar av nye tiltak opp mot eksisterande bygningsmiljø og kulturlandskap.
Landbruk	Ev. nedbygging av dyrkamark.
Samfunn:	
Areal og transport	Gang- og sykkelsti til Gudvangen og Vang camping er ein del av planarbeidet,
Barn og unge	Tilrettelegging for trygg ferdsle, badeområde og leikeplass
Nærmiljø og friluftsliv	Legge tilrett for tilgang til sjø for å ivareta allmenta sine interesser i området.
Infrastruktur og offentlege tenester	Reguleringsplanen må peike på behov for offentleg tilrettelegging i området
Næringsutvikling og sysselsetting	Reguleringsplanen må legge til rette for vidare næringsutvikling i Gudvangen
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Rasfare i høve aktivitet og bygging i området må vurderast. Tryggleiken til ferjepassasjerar må vurderast i høve ras. Trafikktryggleik må vere i fokus ved val av løysingar for trafikkmonster, parkering og gangtrafikk
Universell utforming	Området skal tilretteleggast med universell utforming

Vurdering:

Det er behov for ein ny reguleringsplan i Gudvangen som er tilpassa behova i området i dag. Ved ny lokalisering av utskipping av anortositt må dette vurderast opp i mot verdiane knytt til verdsarvstatusen. Ei bandlegging av området gjer at det må utarbeidast ny reguleringsplan for området før nye byggetiltak kan settast i gang.


Fagleg tilråding:

Det vert tilrådd at området vert lagt inn som bandlagt areal i arealdelen til kommuneplanen med krav om utarbeiding av reguleringsplan. Det vert krav om KU for alternative område for utskipping av stein frå Nærøydalen.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding, men med krav om at det vert utarbeidd reguleringsplan for området.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: BA3



Planstatus/eksisterande arealbruk: LNF-område

Planlagd ny arealbruk: Krav om reguleringsplan

Kort omtale av tiltaket: Bakka og Tufto ligg omslutta av Nærøyfjorden landskapsvernområde og er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. I forvaltningsplanen for området er det tilrådd at det vert utarbeidd ein reguleringsplan for Bakka og Tufto på bakgrunn av behov for ei meir heilskapleg forvaltning innanfor landbruk og kulturlandskap, bygge- og anleggstilltak, tiltak i strandsona og 100-metersbeltet, kulturminne og kulturmiljø. Arbeidet med ein reguleringsplan legg grunnlag for ei heilskapleg handsaming og vurdering av området og ein prosess som syter for medverknad frå grunneigarar og ulike forvaltningsnivå.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Store landskapsverdiar
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne			x	Kulturlandskap og bygningsmiljø av stor verdi, strandsitjar miljø og kyrkje
Rekreasjon og friluftsliv			x	Lett tilgjengeleg område viktig innfallsport til verdsarvområdet
Barn og unge			x	
Landbruk			x	Høgaste geitetettleiken i kommunen med to aktive bruk

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:	Kommentarar
Miljø og naturressursar:	
Landskap	Nye tiltak i området må vurderast i høve landskap og strandsona
Naturmiljø og naturressursar	Nye tiltak må vurderast i høve lokale biologiske verdiar
Kulturmiljø og kulturminne	Det må gjerast greie for konsekvensar for kulturminne og -landskap i reguleringsplanen.
Landbruk	Løysingane i reguleringsplanen må ikkje vere til hinder for jordbruket no og i framtida.
Samfunn:	
Areal og transport	Tilrettelegging for parkering må vere ein del av løysinga i reguleringsplanen
Barn og unge	
Nærmiljø og friluftsliv	Reguleringsplanen må sette av område tilgjengeleg for allmenta.
Infrastruktur og offentlege tenester	Reguleringsplanen må avdekke kva behov som ligg føre i høve infrastrukturtiltak (parkering, offentleg toalett, badeplass mm)
Næringsutvikling og sysselsetting	Reguleringsplan for området må legge til rette for næringsutvikling tilpassa området.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Rasfare og sikring må vurderast i høve ny utbygging i området.
Universell utforming	Offentleg tilrettelegging må ha universell utforming, innarbeide krav i føresegnene.

Vurdering: Før ny utbygging på Bakka-Tufto vert tillete må det utarbeidast ein reguleringsplan for området. Denne bør basere seg på ein stadanalyse.

Fagleg tilråding: Området vert lagt inn som bandlagt areal og det vert krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet

Område: BA4



Planstatus/eksisterende arealbruk: LNF-område

Planlagd ny arealbruk: Krav om reguleringsplan arbeidet med reguleringsplan er satt i gang.

Kort omtale av tiltaket: Dyrdal ligg omslutta av Nærøfjorden landskapsvernområde og er ein del av verdsarvområdet Vestnorsk fjordlandskap. I forvaltningsplanen for området er det tilrådd at det vert utarbeidd ein reguleringsplan for Dyrdal på bakgrunn av behov for ei meir heilskapleg forvaltning innanfor landbruk og kulturlandskap, bygge- og anleggstiltak, tiltak i strandsona og 100-metersbeltet, kulturminne og kulturmiljø. Arbeidet med ein reguleringsplan legg grunnlag for ei heilskapleg handsaming og vurdering av området og ein prosess som syter for medverknad frå grunneigarar og aktørar på ulike forvaltningsnivå.

Verdien av området knytt til miljø og samfunn

Miljø- og samfunnsverdiar	Liten	Middels	Stor	Merknad
Naturverdiar			x	Store landskapsverdiar, Dyrdalselvi er eit verna vassdrag.
Kulturlandskap, kulturminne og fornminne			x	Dyrdal som kulturmiljø har stor verdi, verdiar knytt spesielt til klyngetunet og kraftverket.
Rekreasjon og friluftsliv			x	Område viktig for friluftsliv og rekreasjon knytt til Nærøfjorden.
Barn og unge			x	
Landbruk			x	Fulldyrka jord, skog av høgbonitet, ingen gardsbruk i aktiv drift.

Vurdering av konsekvensar for endra arealbruk:

Konsekvensar for:	Kommentarar
Miljø og naturressursar:	
Landskap	Planlegging av nye utbyggingsområde må vurdere konsekvensar for landskap og strandsone.
Naturmiljø og naturressursar	Ev. utbygging må vurdere konsekvensar for det verna vassdraget. Vurdering av om det bør utarbeidast skjøtselsplan for område.
Kulturmiljø og kulturminne	Konsekvensar for kulturmiljø og kulturlandskap
Landbruk	Løysingane i reguleringsplanen må ikkje vere til hinder for jordbruket no og i framtida.
Samfunn:	
Areal og transport	Gjestehamn og tilrettelegging for tilreisande til området.
Barn og unge	
Nærmiljø og friluftsliv	Planen må ta omsyn til at Dyrdal er eit utfartsområde og sikre område som skal vere tilgjengeleg for allmenta.
Infrastruktur og offentlege tenester	Vurdering av behov for offentlig tilrettelegging, tilgjengelege fellesareal,
Næringsutvikling og sysselsetting	Ein reguleringsplan må ta omsyn til eventuell etablering av småskala næringsutvikling.
Samfunnstryggleik, risiko og sårbarheit	Rasfare må vurderast i høve ev. ny utbygging i Dyrdal. Flomfaren frå Dyrdalselvi må vurderast, vedlikehald av eksisterande flomvoll.
Universell utforming	

Vurdering: Før ny utbygging i Dyrdal vert tillete må det utarbeidast ein reguleringsplan for området. Denne bør basere seg på ein stadanalyse.

Fagleg tilråding: Det vert tilrådd at området vert lagt inn som bandlagt areal med krav om utarbeiding av reguleringsplan for området.

Kommuneplannemnda/ planutvalet sitt standpunkt: Som fagleg tilråding.

Kommunestyret sitt standpunkt: som kommuneplannemnda/planutvalet.